

# HØRINGSSVAR

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettsiden: [www.kirken.no/kirkeordning](http://www.kirken.no/kirkeordning)

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til [post.kirkeradet@kirken.no](mailto:post.kirkeradet@kirken.no).

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellelsråd/organisasjon:

**Austevoll sokneråd/fellelsråd**

Adresse:

**5392 Storebø**

Kontaktperson:

**Jan-Tørres Nordstrand (Kyrkjeverje)**

Saka vart handsama i Austevoll sokneråd som fellelsrådssak i møte 19.05.2015, sak 12/15. Retningsgjevande for svara i høyringa er soknerådet sitt svar på spørsmål 1, som vart vedteke med 7 mot 4 røyster.

Framlegget som fekk 4 røyster var i det store og heile i samsvar med KA sitt syn .

Fleirtalstilrådinga frå arbeidsutvalet, i tråd med presteforeininga sitt syn, fekk to røyster i fyrste valomgong og var såleis ute.

# Høringsspørsmålene

## **1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: Nei

Etter ei grundig utgreiing av saka er det likevel viktige moment som er usikre og som gjer det vanskeleg å ta stilling til tilrådde endringar i forhold til fordeling av oppgåver mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Det er t.d. for tidleg i forhold til ny kommunestruktur, usemje om ressursbruk i forhold til val av ulike strukturar, delegering av oppgåver m.m. Rådsstrukturen og fordeling av oppgåver bør difor inntil vidare vera uendra.

## **2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: Ja

Ei offentlig finansiering av kyrkja, slik me har i dag, bør halda fram. Om den skulle falla bort kan det få store konsekvensar. Utmelding av kyrkja, redusert aktivitetsnivå og vanskar med å definera seg som ei landsdekkande folkekyrkje. Om Kyrkjerådet si innstilling om ei kort rammelov vert vedteke, kan det bli vanskeleg å oppretthalda § 15 i Kyrkelova om kommunen sitt økonomiske ansvar. Det offentlege sitt økonomiske ansvar i forhold til Den norske kyrkja må forankrast i ei eiga kyrkelov.

## **3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar:

Austevoll sokneråd ser eigentleg ikkje andre finansieringsordningar for Den norske kyrkja enn offentlig finansiering, slik me har i dag. Livssynsavgift kan vera eit alternativ, men er inga god løysing.

## **4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar:

Fleirtalsvedtaket tilseier inga endring i kyrkjestrukturen. Sjå svar på spørsmål 1.

## **5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Eit sokn bør vera så stort at det er mogeleg å etablere eit forsvarleg stabsfelleskap, med eigen dagleg leiar. Er ikkje dette mogeleg, bør ordninga vera slik at det er mogeleg å etablere samarbeid på tvers av soknegrensene.

**6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar: JA

Austevoll sokneråd svara JA på dette spørsmålet som svar på refleksjonsdokumentet i 2012. Eit overveldande fleirtal av sokneråda svara også JA. Det viser seg at sokneråda er nøgd med ordninga slik den fungerer. Med denne ordninga kan sokneråda i større grad ha fokus på §9 i Kyrkjelova.

Gravferdsforvaltninga, kyrkjebyggforvaltninga, personalsaker og økonomiforvaltninga vert fellestrådet sitt ansvar. Sjå svar på spørsmål 1.

**7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar:

Når ny kommunestruktur er vedteke, bør den ligge på kommunenivå. Er kommunane ikkje store nok til at det er mogeleg å oppretta eit forsvarleg forvaltningsorgan, kan eit alternativ vera å oppretta eit felles forvaltningsorgan på tvers av kommunegrensene.

**8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar: JA

Sokneråda må ha større innverknad på eiga verksemd både når det gjeld strategiske planar i soknet, i tilsetjingssaker som vedkjem soknet og større økonomisk handlerom.

**9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: Nei

Tenesta med ord og sakrament er gitt gjennom ordinasjonen. Utføring av denne tenesta kan ikkje underordnast soknets styringsorgan. Den ligg under den episkopale strukturen.

**10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar:

Den daglege leiinga i soknet bør ivaretaast av ein person, tilsett som dagleg leiar. Som hovudregel bør dette vera ein annan person enn presten. Sokna bør som hovudregel vera så store at dette er mogeleg.

**11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

I ei framtidig kyrkjeordning treng me ein synleg og visjonær biskop.

Ein strategisk leiar som er med å gjev oss både frimod og inspirasjon til å utføra det store oppdraget kyrkja har fått.

Han skal vera tilsynsmann ved å rettleia og oppmuntra kyrkjelydane, kyrkjeleg tilsette og andre medarbeidarar. Gje trøyst og råd, læra og tala til rette. Sjå til at prestane forvalter

sakramenta, forkynner og lever i samsvar med den kristne trua, og at også andre som er vigsla til teneste i kyrkja verkar og lever i samsvar med vigslinga si formaning og løfte. Vera eit sterkt og tydeleg band mellom dei lokale, regionale og nasjonale nivåa.

**12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar:

Sjå svar spørsmål 1.

**13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Som i dag

**14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: Ja

Sjå svar spørsmål 1.

**15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar:

Sjå svar spørsmål 1.

**16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: Nei

Sjå svar spørsmål 1.

**17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar:

Sjå svar på spørsmål 1.

**18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar:

Sjå svar spørsmål 1.

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatetjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar:

Prestetenesta sitt særpreg må ivareta gjennom biskopen sitt tilsyn og funksjon. Prosten har det faglege leiaransvaret for prestetenesta i prostiet og andre funksjonar som omfattar forkynnelse og trusopplæring.

For alle vigsla tenester må det vera slik at ein kan henta fagleg hjelp frå eit kompetansesenter t.d. på bispenivå.

## **20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar:

Kyrkjemøte må i større grad vera eit organ som bidreg til inspirasjon, visjonar og fornying i kyrkja. Representera og arbeida for heilskapen i den lokale kyrkjestrutturen. Dette vil vera svært viktig når Kyrkjemøte også skal fordela økonomiske ressursar.

## **21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar:

Sjå svar spørsmål 1.

## **22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar:

Bispemøte bør, kanskje i større grad enn i dag vera sakshandsamar for Kyrkjemøtet i lære- og liturgisaker.

## **23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar:

Biskopane bør leiast av preses. Både biskopar og preses må tilsetjast av Kyrkjerådet. Biskopane må saman arbeida ut felles kjørereglar i prosedyrespørsmål, regelverk m.m. Teologisk sett må biskopane ha full frihet innan for ramma av kyrkja si vedkjenning og Guds Ord.

## **24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar:

Alle bispedømer må vera representert i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet stå ansvarleg overfor Kyrkjemøtet. For å sikra breiast mogeleg kompetanse bør Kyrkjerådet også kunna ha representantar som ikkje er medlem av noko bispedømeråd eller Kyrkjemøtet.

## **25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar:

Bispemøte bør overta lærenemnda sitt ansvarsområde.

**26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Som i dag.

**27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Ungdomsdemokratiet og ungdommens stemmerett på Kyrkjemøte må forankrast i eit nytt kyrkjeleg regelverk.